

Preses Olav Fykse Tveit

Helsing til Tor Magne Nesvik

Stavanger domkyrkje, 22. mai 2026

Det er ei stor glede å ønskje deg, Tor Magne Nesvik, hjarteleg til lukke med utnemninga av som ny Stavanger biskop. Like eins ønskjer eg heile Stavanger bispedømme hjarteleg til lukke. Biskopane i Den norske kyrkja ønskjer deg velkommen som kollega med glede og forventning.

Å bli utnemnd til biskop i kyrkja vår er å få ei viktig oppgåve som kyrkjeleiar. Du får mykje og eit viktig ansvar. Du går inn i ei lang rekkje av biskopar i Stavanger bispedømme med ulike profilar som har sett ulike og varige spor etter seg, kvar på sitt vis.

Det er store sko å gå inn i. Kyrkja ber deg likevel å gjere det, og vil at du skal fylle dei på din måte. Du har allereie gått i store sko. På fleire vis.

Du har gått inn i viktige leiaroppgåver allereie, og vist at du kan fylle dei skoa du då har fått. Du vart tidleg prost, du har leia eit spanande prosjekt med utvikle kyrkjelydar og kyrkjeliv i Stavanger, du har nyleg fått oppgåva som konstituert domprost. Din vilje til å ta leiaransvar og å bruke dine evner og krefter for å leie kyrkja her i Stavanger by og domprosti, skal du no få bruke på å leie heile Stavanger bispedømme. Du får også med dette ei oppgåve å vere kyrkjeleiar i Den norske kyrkja som medlem av Bispemøtet og Kyrkjemøtet.

Vi kan berre vere dei vi er og vere kyrkje i den tida vi er i. Til dette treng kyrkja leiarar med ulike erfaringar og nådegåver. No treng vi deg med dine sko til å gå saman med oss.

Du har godt fotfeste når du skal gå i nytt og ulikt terreng, og du kan stå stødig når det trengst.

Du har vist at du har tankar og visjonar om kvar vi skal gå vidare som Den norske kyrkja, og ikkje minst korleis vi skal gjere det saman – med samarbeid og samledelse om ansvar for tilsette og for alle medlemene i kyrkja.

Du vil at kyrkja både skal samle seg, og å gå ut med evangeliet i møte med den enkelte og i samfunnet. Du vil og kan verte ein misjonar biskop i eit bispedømme med sterke misjonstradisjonar.

Eg ser fram til å gå vidare saman med deg.

Neste stopp på vegen her i Stavanger vert vigslinga her i Domkyrkja 20. september.

No ønskjer vi deg lukke til i førebuingane til det, og ber om Guds velsigning over deg og din familie og dine medarbeidarar i denne tida.